

829154242

GUNNLEIK DYRDAL

Mobilnummer

902 48 168

E-postadresse

dyrdalgunnleik@gmail.com

Kontonummer

Vedtaksdato

06.11.2025

Vedtaket er gjort av

VINJE kommune

Søknadsdato

10.07.2025

Vår referanse

2025/2415, Agros 302608

Vedtak i sak om nydyrking

Omsøkt plan for nydyrking av 41 dekar på gnr. 154/13 blir godkjent med vilkår.

Vilkåra for å gi løyve til nydyrking

Nydyrkingsforskrifta § 6 første ledd fastsett vilkår som må vere oppfylt for at kommunen kan gi løyve til nydyrking. Viss det skal nydyrkast langs vassdrag med årsikker vassføring, skal ein setje att ei vegetasjonssone på minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årsikker vassføring skal vegetasjonssona vere minst 2 meter. Som vassdrag reknast stillestående eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring. Vatnlaup utan årsikker vassføring reknast òg som vassdrag, dersom vatnlaupet skil seg tydeleg frå omgjevnadane.

Når søknad om plan for nydyrking godkjennast, kan kommunen stille vilkår, jf. nydyrkingsforskrifta § 4 andre ledd.

Det blir sett vilkår om avstand på minst seks meter til Fundlidbekken. Det er og meldeplikt ved funn av kulturminne. Det blir elles synt til kartutsnitt med oversikt over omsøkt tiltak.

Bakgrunn for saka

Det er søkt om å nydyrke eit areal på eigedomen med matrikkelnummer 4036-154/13 i VINJE kommune. Nydyrking kan berre skje etter plan godkjent av kommunen. Den som skal sette i verk nydyrkingstiltaket, skal utarbeide planen. Der den som skal sette i verk tiltaket og utarbeide planen ikkje eig arealet, må eigaren samtykke til tiltaket.

Vi viser til søknaden om nydyrking i sin heilskap.

Plikt til å vurdere konsekvensutgreiing

Der det søkast om å nydyrke areal over 50 dekar, skal ein etter nydyrkingsforskrifta § 6 andre ledd vurdere behovet for å konsekvensutgreie tiltaket etter forskrift om konsekvensutgreiingar § 8, jf. vedlegg II. Ein pliktar og å vurdere konsekvensutgreiing der det vert søkt om å nydyrke areal under 50 dekar, viss det ikkje er utelukka at tiltaket kan få vesentlege verknader for naturmangfaldet eller andre viktige miljøsyn.

Vi ser ikkje behov for konseskvensutgreiing

Rettsleg grunnlag

Det er søkt om godkjenning av plan for nydyrking etter nydyrkingsforskrifta § 7. Føremålet med forskrifta er å sikre at nydyrking skjer på ein måte som tek omsyn til natur- og kulturlandskap, medrekna det biologiske mangfaldet, kulturminner og landskapsbiletet. Samtidig skal ein leggje vekt på at dei driftsmessige løysingane er gode. Nydyrking kan berre skje etter at plan for nydyrking er godkjent av kommunen. Den som skal sette i verk nydyrkingstiltaket skal utarbeide planen. Ved avgjerda om søknaden skal godkjennast, skal ein særleg legge vekt på kva verknad tiltaket kan få for natur- og kulturlandskapsverdiane.

Ved avgjerda skal ein òg legge vekt på om det er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget for den aktuelle driftseininga, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for gode driftsmessige løysingar.

Søknad om dispensasjon frå forbodet mot nydyrking av myr

Det er ikkje lov å nydyrke myr, jf. nydyrkingsforskrifta § 5a. Kommunen kan gi dispensasjon frå forbodet mot å nydyrke myr i særlege tilfelle. Eitt av tre alternative vilkår må vere oppfylte for å gi dispensasjon: 1. grunneigar har mista andre produksjonsareal på grunn av tap av leigejord, utbygging i offentlig regi som til samferdselstiltak eller liknande, 2. myr er det einaste arealet eller høvet grunneigar har til å nydyrke, eller 3. nydyrkingstiltaket skal ta vare på særskilte produksjonar i myr på fjellgrunn.

Når myrarealet ein søker om å nydyrke har ein gjennomsnittleg dybde på meir enn 1 meter (djup myr), er dispensasjon etter alternativ 1 og 2 i tillegg avhengig av at djup myr er det einaste tilgjengelege arealet.

Nydyrking av myrarealet må ha vesentleg betyding for å oppretthalde drifta.

Kommunen kan berre gi dispensasjon viss behovet for tiltaket tilseier at omsynet til natur- og kulturlandskapsverdiane og omsynet til klima må vike.

Det blir synt til vedlagt saksutgreiing og vedtak om dispensasjon for nydyrking av 11 dekar myr. Eg syner her til ei kort oppsummering gjeve i saksutgreiinga:

"Det skal i følge rundskriv gjevast ein samla vurdering i saka. Kommunedirektøren vil tilrå søknaden, og legg då vekt på at omsøkt myr er delvis drenert, ligg inneklemt og godt arrondert i høve til anna fulldyrka mark på tre kantar. Myra er ikkje spesiell stor, og ligg i eit område med aktive gardsbruk og stor etterspurnad på dyrka mark og spreieareal. Han syner og til uttale frå Statsforvaltar der ein ikkje kan sjå at der er naturverdiar som gjev grunn for innvendingar".

Grunngjeving for vedtaket

Vinje kommune har i sine planar prioritert mellom anna landbruk som ei viktig næring. Nydyrking er ein viktig del av dette - og løyser ut kommunale tilskot. Større sammenhengende areal, flatt og godt arrondert gjev rasjonell drift - som samsvarar godt med denne søknaden. Tiltaket vil heve opplevinga av kulturlandskapet i området, gje ei driftsmessig god drift enten for søker eller dei som har trong for leigejord i området. Det er god tilkomst og arrondering - samt at auka jordbruksareal i grenda vil gje eit betre utnytting av husdyrgjødsel samt minske transportbehovet. Det er ikkje registret sårbare arter eller naturtyper i området.

Oppfølging og kontroll

Eit løyve til nydyrking fell bort viss tiltaket ikkje er satt i verk innan tre år etter at vedtaket vart gjort, jf. nydyrkingsforskrifta § 4 første ledd siste punktum.

Når nydyrkingstiltaket er gjennomført, skal grunneigar gi kommunen beskjed om det.

Kommunen skal ferdiggodkjenne nydyrkingstiltaket og registrere dette i KOSTRA (kommune-stat-rapportering). Kommunen har ein alminneleg heimel til å kontrollere at nydyrkinga skjer etter dei vilkåra som er gitt i løyvet og nydyrkingsforskrifta for øvrig. Om tiltakshavar utfører nydyrking i strid med løyvet enten heilt eller delvis, kan kommunen trekke godkjenninga tilbake, jf. nydyrkingsforskrifta § 12 andre ledd. Tiltakshavar kan bli pålagt å reparere eventuell skade som følge av tiltaket. Den som er ansvarleg kan bli pålagt tvangsgebyr.

Du kan klage på vedtaket

Er du part i saka, eller har rettsleg klageinteresse, kan du klage på vedtaket, jf. forvaltningslova (fvl.) § 28. Klagefristen er tre veker frå du mottek dette brevet. Klaga sendast til kommunen. Klageinstans er Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.

Innsyn i saksdokumenta

Vil du sjå dokumenta i saka, har du krav på det, jf. fvl. § 18.

Med helsing
VINJE kommune

Saksbehandla av: Thor Christiansen
Godkjend av: Knut Martin Edland